



Orkanger, 19.01.2019

Norges vassdrags og energidirektorat
nve@nve.no

Om revisjon av reguleringsvilkår i Gangåsvatnet og Skjenaldelva i Orkdal kommune i Trøndelag

Vi viser til kravet vårt om revisjon av reguleringsvilkåra for Gangåsvatnet av 26.07.2018. Tilsvarande krav er fremma av Stokkhaugen hytteforening og Gangåsvatnet fiskelag.

Hovedutvalg forvaltning i Orkdal kommune gjorde 09. januar følgjande einstemmige vedtak:

"Orkdal kommune er positiv til revisjon av konsesjonsvilkårene for regulering av Gangåsvatnet og Skjenaldelva."

Regulanten har uttrykt ønske om at arbeidet med revisjon skal bli sett i gang først i desember 2019, men frå vår side håper vi at dette arbeidet kan bli starta så snart som mogleg, då erfaringa seier at ein revisjonsprosess tek tid.

For vår del dreier det seg om å få klare rammer for reguleringa framover, av omsyn til biologisk mangfald i Gangåsvatnet og Skjenaldelva.

Nokre innspel

I den samanhengen vil vi gjerne kome med nokre innspel til kva vi håper at kan bli vurdert i samband med nye reguleringsvilkår.

Vi har forstått det slik at retningslinene frå departementet for revisjon av gamle reguleringsvilkår seier at LRV og HRV skal liggja fast. No er det ein spesiell situasjon for Gangåsvatnet, i og med at verneforskrifta for Svorkmyran stiller krav som i prinsippet kan vera umogelege å oppfylle i kombinasjon med dagens LRV og HRV. Vi håper difor at ei endring av LRV og HRV kan bli teke med i vurderinga.

Dersom LRV og HRV må liggja fast, har vi følgjande innspel:

1. I hekketida, kanskje april – juli bør vasstanden bli halde ganske fast på ein viss kote, med liten reguleringsmargin (0,5 meter?), slik at ein både unngår at det fløymer over og tørrlegg Svorkmyran naturreservat. Kva som er aktuelt og akseptabelt, må bli vurdert av fagfolk.
Vi vil også nemne at tilsvarande problemstilling gjeld for eit liknande våtmarksområde nord i Gangåsvatnet, ved utløpet av Hyllbekken (ved Asbjørnslettet), med den raudlista naturtypen meander, kategorisert som VU¹.
Det er god bestand med røye i Gangåsvatnet, med gytetid september/ november, noko som også bør bli vurdert når det gjeld krav til regulering.

¹ Artsdatabanken – Norsk rødliste for naturtyper – landform meander (VU):
<https://artsdatabanken.no/rln/2018/200/Meander?mode=headless>

2. Etablere målestasjon for nivå nær utløpet av Svorka i Gangåsvatnet, slik at det er god kontroll på nivået ved Svorkmyran naturreservat.
3. Etablere ein tilleggsdam/ barriere ved Osbrua, ved osen i Gangåsvatnet, slik at regulanten kan unngå å tappe vatnet langt ned ved revisjon av kraftverk og inntaksdam.
Det har vore ein slik dam der tidlegare, men no står berre restane att.
4. Etablere minstevassføring i Skjenaldelva heile året, kanskje i form av sokalla miljøtilpassa vassføring, avhengig av tilsig.

Helsing Mads Løkeland

Naturvernforbundet i Orklaregionen


Vedlegg:

Info om våtmarksområdet ved utløpet av Hyllbekken

Vedlegg:

Info om Jamtmyra v/Asbjørnslettet i Orkdal

Utløpet av Hyllbekken og våtmarksområdet rundt, har mange av dei same kvalitetane som Svorkmyran naturreservat ved Gangåsvatnet. Det kan også vera naturleg å vurdere samspelet mellom Svorkmyran naturreservat og området ved Asbjørnslettet, spesielt når det gjeld fugl, men også yngel m.m. Utløpet av Hyllbekken er meanderande ca 500 meter. Kategorien meander er klassifisert som VU i 2018-utgåva av raudliste for naturtypar.



Ca 500.000 m²